

NotatDato: 10.10.2018
Arkivsak: 2014/10180-21
Saksbehandlar: andlosn

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversikt over tilsegn for næringsutvikling i Hordaland per 30.09.2018

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNN) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland, og gir føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket.

Regional næringsplan for Hordaland, er det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet for 2018 er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av representantar frå partnarskapen, Bergen kommune, Odda kommune, UH-sektoren, NCE Maritime CleanTech og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum (RNF) har vore styringsgruppe og gjeve tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning. Handlingsprogrammet vart vedteke i fylkesutvalet 23.februar 2018. Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Prosjekta som er med i denne oversikta har fått tildelt midlar frå budsjettpost B, C og D i HNN, som gjeld Tilrettelegging for næringsutvikling, inkludert øyremerkte midlar. Dette er delvis søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt.

Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga i HNN budsjettet:

- B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon
- B-2: Relevant kompetanse
- B-3: Heilskapleg samfunnsutvikling
- B-4: Bransjeretta tiltak
- B-5: Klimaretta tiltak
- B-6: Grøn konkurransekraft
- B-7: Integrering
- B-8: Øyremerkte midlar til program
- B-9: Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar
- D: Omstilling og nyskaping
- C: Regionale etablerarfond

Fordelinga mellom regionane er synleggjort i teksten under tabellen.

Denne oversikta med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B, C og D, i HNH, blir gjeve som orienteringssak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn løyvd sidan førre oversikt.
- Tabell med samla tal for 2018 fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommenterarar
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gjeve til fylkesutvalsmøtet 30.08.2018 med ei oversikt frå 01.03.2018 til 30.06.2018. Denne oversikta syner utviklinga frå 01.07.2018 til 30.09.2018.

Prosjekt handsama i perioden 01.juli til 30. september 2018:

Tilsegn- nr	Prosjektnamn	Tilskots- mottakar	Innsatsområde	Prosjekt- kostnad	Tilsegn- sum
132-2018	Forprosjekt - "Connect Vekst i SMB - forankret i styret	CONNECT Vest-Norge	B-1: Entreprenørskap og innovasjon	710 000	300 000
133-2018	Aktivitet i Team Hardanger	Hardanger-rådet	B-1: Entreprenørskap og innovasjon	30 000	25 000
145-2018	Utvikling av Bergen Fintech Hub, Fase 1	Finance Innovation	B-1: Entreprenørskap og innovasjon	4 650 000	950 000
141-2018	Økt kompetanse for bruk av lite utnyttede skalldyrarter på restauranter/fiskehandlerne i Hordaland	Matarena AS	B-2: Relevant kompetanse	600 000	150 000
142-2018	Pilot-samarbeid ungdomsskole/næringsliv.	EBA	B-2: Relevant kompetanse	739 000	200 000
144-2018	Kvinner i Kuling	Stiftelsen Maritime Bergen	B-2: Relevant kompetanse	160 000	45 000
150-2018	Søknad om midler til mulighetsstudie	Stiftelsen Akvariet i Bergen	B-2: Relevant kompetanse	2 060 000	450 000
140-2018	Bærekraftig reisemål	Samarbeids-rådet for Sunnhordland IKS	B-3: Heilskapleg samfunnsutvikling	526 000	180 000

111-2018	Utvikling av Économusée nettverket til en berekraftig organisasjon	Det Kongelige Selskap For Norges Vel	B-4: Bransjeretta tiltak	1 000 000	450 000
116-2018	Cruiseturismens økonomiske betydning i Bergen	Stiftelsen Maritime Bergen	B-4: Bransjeretta tiltak	500 000	60 000
122-2018	Forprosjekt, Senteret for dataspillutvikling	Spillmakerlauget Vest	B-4: Bransjeretta tiltak	600 000	100 000
126-2018	Utvikling av gastronomi og kunnskapsamarbeid mellom kreative aktører i Unesco medlemsbyer	Håndslag til Vår Eldste sjømannskirke	B-4: Bransjeretta tiltak	90 000	30 000
129-2018	Verdiskapingsberegninger for landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane	Bondelagets Servicekontor, avd Hordaland	B-4: Bransjeretta tiltak	992 500	188 500
130-2018	Kamerateknologi/sensoro vervåkning til bruk i oppdrettsteknologi	The Seafood Innovation Cluster	B-4: Bransjeretta tiltak	374 890	202 445
134-2018	Fornytt tilleggssøknad for næringsutvikling og klyngeorganisering NCE Human Innovation	Design Region Bergen	B-4: Bransjeretta tiltak	200 000	100 000
137-2018	Tur for UNESCO-byene	Os kommune v/Daniel Skotheim	B-4: Bransjeretta tiltak	37 000	37 000
128-2018	Nullutslipp skipsfart - Teknologi for distribusjon og bunkring av flytende Hydrogen	NCE Maritime CleanTech	B-6: Grøn konkurransekraft	1 000 000	250 000
125-2018	Ny Introduksjonsordning for flyktninger - Sosialt entreprenørskap og språkopplæring	Meland kommune	B-7: Integrering	3 490 000	1 100 000
143-2018	Søknad om midler til Give a Job Bergen	Give a Job	B-7: Integrering	290 000	75 000
148-2018	Ny Introduksjonsordning i Meland: Forprosjekt "Meg som en entreprenør?"	Meland kommune	B-7: Integrering	100 000	50 000

151-2018	Omstilling fra olje og gass til havbruk	Deloitte AS	D: Omstilling 2018	3 100 000	1 000 000
146-2018	Tillegg til søknad 2017-0018 Bedrift i omstilling og vekst - Digitalisering	Innovasjon Norge	D: Omstilling 2018	310 000	310 000
131-2018	Utvikling Innovasjonssenter Indre Hordaland - Odda	Næringshagen i Odda	D: Omstilling 2018	1 250 000	400 000
Totalt Tilsegn	23			22 809 390	6 652 945

Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde 2018:

	Innsatsområde	Tal tilsegn	Prosjektkostnader	Støttebeløp
B-1	Entreprenørskap og innovasjon	10	11 450 000	3 025 000
B-2	Relevant kompetanse	10	35 649 000	4 325 000
B-3	Heilskapleg samfunnsutvikling	3	1 911 000	730 000
B-4	Bransjeretta tiltak	18	15 432 990	2 727 945
B-5	Klimaretta tiltak	1	11 604 000	300 000
B-6	Grøn konkurransekraft	3	2 200 000	550 000
B-7	Integrering	3	3 880 000	1 225 000
B-8	Øyremarka midlar til program	1	3 000 000	450 000
B-9	Øyremarka midlar til samarbeidsaktørar	0	-	-
C	Regionale etablerarfond	6	4 000 000	4 000 000
D	Omstilling 2018	11	24 238 850	9 260 000
	Totalt	66	113 365 840	26 592 945

Det er i perioden gjeve tilsegn til totalt 23 prosjekt og tiltak med ei samla kostnadsramme på nesten 23 millionar kroner. Fylkeskommunen sin finansieringsdel er om lag 29 %.

Tabellane syner at det er store skilnader i fylkeskommunen sin finansieringsdel i dei ulike tiltaka. I somme av prosjekta er me inne med ein finansieringsdel på over 50%, medan i andre prosjekt er vår finansieringsdel relativt låg og syner at sjølv med låge finansieringsdelar utløyser me til dels store prosjekt og tiltak. Samla har vi så langt i år vert med å utløyse prosjekt og tiltak på til saman vel 113 mill kr med å nytte totalt 26,6 mill kr i tilskotsmidlar.

Vi opplever stor etterspurnad etter fylkeskommunale utviklingsmidlar til nærings- og lokalsamfunnsutvikling på det fleste områda og særleg knytt til entreprenørskap og innovasjon, næringsretta kompetanse, bransjemidlar og omstilling. På fleire område er vi i ferd med å nå dei tildelte rammene, men vi tror at vi gjennom intern omprioritering og utnytting av tilbakeførte midlar frå prosjekt som ikkje er gjennomført eller gjennomført med ei lågare kostnadsramme enn forutsett, vil kunne imøtekomme dei fleste søknadane i 2018.

Fylkesutvalet løyvde i mai 2018 (PS 138/2018), 1 mill kr ekstra til regionale etablerarfond frå «LUK fondet», slik at total ramme auka frå 3 til 4 mill kr. Desse midlane er fordelt på dei tre regionråda etter same fordelingsnøkkel som dei opphavslege HNH midlane. Fordelinga på post C Regionale etablerarfond:

- Regionrådet Nordhordland: kr: 2 625 000
- Hardangerrådet: kr 583 000
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland kr: 792 000

Forprosjekt - "Connect Vekst i SMB - forankret i styret

Tilsegn-132-2018

Connect Vest har i 2017 og 2018 med grunnfinansiering og oppdrag fra Bergen kommune, gjennomført "Vekst i SMB" programmer for 125 SMB-bedrifter i Bergensområdet, sammen med utvalgte samarbeidspartnere innen ulike bransjer/fag.

Totale prosjektkostnader: kr 710 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Connect Vest EK:	kr 110 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 300 000
SpV:	kr 300 000

Prosjektstart: 01.07.2018.

Prosjektslutt: 31.12.2018.

Prosjekteigar:

CONNECT Vest-Norge

Prosjektleder:

Ståle Stormark, stale.stormark@connectnorge.org

Sakshandsamar:

Torill Monstad, tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Hvert av årene har det vært 3 programmer, med innledende kick-off og påfølgende fagprogrammer, hvor deltakerne får foredrag og gruppediskusjoner innen ulike viktige fagområder. Responsen har vært veldig god, og det vil i løpet av 2018 ha vært gjennomført program for 120-130 SMB-bedrifter med årlig omsetning fra 5 - 200 millioner kroner.

Tilseingsdato: 04.07.2018

For admin (skal ikke slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-1 Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: B-1: Tilretteleggjande tiltak for etablerarar

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Aktivitet i Team Hardanger

Tilsegn-133-2018

Fylkeskommunen har satt av midlar til aktivitet for regionale team i 2018. Team Hardanger har fokus på utvikling gjennom kunnskap, nettverk, engasjement og tillit.

Totale prosjektkostnader: kr 30 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 5 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 25 000

Prosjektstart: 01.01.2018.

Prosjektslutt: 31.12.2018.

Prosjekteigar:

Hardangerrådet

Prosjektleder:

Jostein Eitrheim, jostein@hardangerraadet.no

Sakshandsamar:

Tonje Marie Solsvik,

tlf: 98 02 4892,

epost: tonje.solsvik@hfk.no

Samandrag:

Gjennom samarbeid får ein betre tenester og betre rådgjeving. Fylkeskommunen har i 2018 valt å setje av midlar til aktivitet for regionale team. Team Hardanger har fem faste møter i året og har fokus på utvikling gjennom kunnskap, nettverk, engasjement og tillit og arbeidar for ei god etablerarteneste og næringsutvikling i Hardanger. I 2018 skal Team Hardanger til Lofoten på studietur for å utvikle kunnskap om vinterturisme og korleis skapa eit berekraftig reiseliv. Dette heng saman med oppgåven dei fikk av Hardangerrådet der arbeidstittel er «Heile Hardanger heile året».

Tilsegnsdato: 06.08.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNN)

Budsjett: B-1 Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: B-1: Nettverk og klynger

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Utvikling av Bergen Fintech Hub, Fase 1

Tilsegn-145-2018

Fintech-klyngen i Bergen ynskjer å skape ein fysisk hub/fellesarena som skal bidra til å styrke innovasjon og entreprenørskap i bransjen. Prosjektet omhandlar utvikling av konsept for og innholdskomponentar til ein slik hub.

Totale prosjektkostnader: kr 4 650 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats fra industrien:	kr 1 200 000
Egeninnsats, Finance Innovation:	kr 1 100 000
Egenkapital, Finance Innovaton:	kr 1 400 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 950 000

Prosjektstart: 01.03.2018.

Prosjektslutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

Finance Innovation

Prosjektleder:

Stig Frode Opsvik, stig.opsvik@knowit.no

Sakshandsamar:

Tonje Marie Solsvik,

tlf: 98 02 48 92,

epost: tonje.solsvik@hfk.no

Samandrag:

Klyngen Finance Innovation ynskjer å skape ein fysisk hub kor studentar, forskarar, startups, SMB, corporates, investorar og virkemiddelapparatet koplars for å lære av kvarandre, samhandle og skape morgondagens løysingar og satsingar innanfor fintech. Klyngen skal være eit leiande internasjonalt kraftsenter for kunnskapsutvikling og innovasjon i fintech. Huben er tenkt å være ein plattform og verktøykasse for samarbeid om utdanning, forskning og innovasjon som styrkar det samla fintech-miljøet i Bergen, noko som vil være med å gje ringverknadar nasjonalt og internasjonalt samstundes som det bidrar til å styrke kvar enkelt aktør som er med i klyngen.

Prosjektet som det er gitt støtte til, handlar om konsept og innhaldsutvikling av ein slik hub

Tilsegnsdato: 25.09.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-1 Entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: B-1: Nettverk og klynger

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Økt kompetanse for bruk av lite utnyttede skaldyrarter på restauranter/fiskehandlerne i Hordaland

Tilsegn-141-2018

Gjennom kompetanseutvikling og samhandling i heile verdikjeda ynskjer ein å fått til reelle løft og positive endringar i sjømatnæringa for auka bruk av fleire ulike artar skaldyr.

Totale prosjektkostnader: kr 600 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Annen finansiering:	kr 50 000
Egeninnsats deltak/medlemer SAK (timer a 650 kr):	kr 340 000
Egeninnsats Smak av kysten/styringsgruppe:	kr 30 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 150 000
Innbetaling deltagelse workshops:	kr 30 000

Prosjektstart: 03.09.2018.

Prosjektslutt: 15.02.2019.

Prosjekteigar:

Matarena AS

Prosjektleder:

Johan Henrik Kintzell Frøstrup, johan@matarena.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson, tlf. 99575879, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

Nettverket «Smak av kysten» har gjennom forskjellige prosjektr bidratt til større landingar og omsetning av mellom anna lysing, brosme, ulike bifangstarter og tang og tare. Gjennom workshops og erfaringsutveksling får man implementert artene på restaurantmenyene og i fiskedisken.

I dette prosjektet er det fokus på skaldyr og kokkene har vist eit stort engasjement og nysgjerrigheit for skaldyrarter som ikkje er så godt kjende og som er lite brukt, men som kan ha eit potensiale som råvarar på restaurantane

Tilsegnsdato: 27.08.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-2 Relevant kompetanse

Innsatsområde: B-4: Mat

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Pilot-samarbeid ungdomsskole/næringsliv.

Tilsegn-142-2018

For å øker rekrutteringen til byggfag/yrkesfag har vi inngått et samarbeide med fem ungdomsskoler og fem entreprenører. Entreprenørene vil følge en 9 klasse på hver skole frem til søknadsfrist mars 2020.

Totale prosjektkostnader: kr 739 000

Finansieringsplan for prosjektet:

BYGGOPP:	kr 80 000
Eigeninnsats bedrifter:	kr 330 000
Eigeninnsats Byggopp:	kr 129 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 200 000

Prosjektstart: 01.08.2018.

Prosjektlutt: 29.02.2020.

Prosjekteigar:

EBA

Prosjektleder:

Jonny Heimark, jonny.olsen@byggopp.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen, tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Søknaden til Yrkesfag har variert de siste årene, Behovet for kvalifisert arbeidskraft vil i følge nasjonale prognoser øke i fremtiden.

Yrkesorienteringen på ungdomsskoler har etter vår mening vært tilfeldig med yrkesmesser- fagdager som stort sett har en dags varighet. resultatet av dette har vært vanskelig å måle. derfor vil vi nå gjennomføre et prosjekt som går over 1 1/2 år med den samme elevgruppen. i tillegg vil vi gjennom denne måten å gjennomføre piloten på få gitt orientering til både gutter og jenter. mot tidligere bare den elevgruppen som i utgangspunktet har vært interessert i Byggfag. vi har orientert om dette prosjektet til medlemmene i Yrkeslabyrinten. Hvis resultatet blir bra vil flere bli med å gjennomføre denne måte nå gi yrkesorientering på.

Tilsegningsdato: 28.08.2018

For admin (skal ikke slettast av sakshandsamar):

Ramme: 550.64 - Tilrettelegging for næringsutvikling

Budsjett: B-2 Relevant kompetanse

Innsatsområde: B-2: Opplæring og utdanning

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Kvinner i Kuling

Tilsegn-144-2018

Ei av maritim bransje sine utfordringar er å skaffe nok kompetanse for framtida. Særleg kvinner er ein «uutnyttet ressurs». Det trengs auka andel kvinner for å sikre kompetansenivået innan skipsfart også i framtida.

Totale prosjektkostnader: kr 160 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen Børsfond:	kr 45 000
Bergen kommune:	kr 45 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 45 000
Springbrettet:	kr 25 000

Prosjektstart: 01.05.2018.

Prosjektslutt: 25.10.2018.

Prosjekteigar:

Stiftelsen Maritime Bergen

Prosjektleder:

Line Andersen, line@maritimt-forum.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland, tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

Bergensregionen skal være leiande på kunnskapsbasert, bærekraftig næringsutvikling, og fokusere strategisk på kompetanse. For sjette året på rad vert møteplassen «Kvinner i Kuling (KiK)» arrangert. Gjennom KiK skal næringa synleggjærast som attraktiv og spennande karriereveg for kvinnelege studenter frå dei ulike utdanningsinstitusjonane i Bergen.

Tilsegnsdato: 06.09.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 550.64 - Tilrettelegging for næringsutvikling

Budsjett: B-2 Relevant kompetanse

Innsatsområde: B-4: Maritime næringer

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Mulighetsstudie for Akvariet i Bergen

Tilsegn-150-2018

Akvariet ønsker å gjennomføre ein mulighetsstudie, for sjå på kva alternative lokaliseringar som kan vere realistisk for Akvariet for i fremtiden. Ein vil greie ut utfordringar ved rehabilitering på dagens lokasjon i høve til alternative lokaliseringar tett opp mot byens marine og maritime miljø.

Totale prosjektkostnader: kr 2 060 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Akvariet i Bergen (eigeninnsats arbeid)	kr 310 000
Akvariet i Bergen	kr 320 000
Bergen Kommune	kr 630 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland	kr 450 000

Prosjektstart: 01.12.2018.

Prosjektlutt: 30.06.2019.

Prosjekteigar:

Stiftelsen Akvariet i Bergen

Prosjektleder:

Geir Olav Melingen, Geir.Olav@akvariet.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson, tlf. 99575879, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

Havforskningsinstituttet og Akvariet i Bergen har i dag mye felles infrastruktur og Akvariet vil difor få store utfordringar når Havforskningsinstituttet flyttar frå Nordnes. I tillegg har tilstandsanalyse indikert at det innenfor ein tidsramme på 10-15 år må gjennomførast større rehabiliteringar og ombyggingar ved Akvariet.

Tilsegnsdato: 26.09.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-2 Relevant kompetanse

Innsatsområde: B-4: Marin sektor

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Bærekraftig reisemål

Tilsegn-140-2018

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ynskjer at regionen skal få status som Bærekraftig Destinasjon. Prosjektet skal gjere regionen klar til å gå inn i Innovasjon Norge si merkeordning «Merket for bærekraftig reisemål». Status som bærekraftig reisemål er mellom anna avgjerande for at Sunnhordland kan gå vidare i arbeidet med å få etablert Geopark Sunnhordland med UNESCO-status.

Totale prosjektkostnader: kr 526 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Bedrifter, eigeninnsats:	kr 270 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 180 000
Samarbeidsrådet:	kr 76 000

Prosjektstart: 03.09.2018.

Prosjektslutt: 31.05.2019.

Prosjekteigar:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Prosjektleiar:

Linn Therese Vinje, linn@visitsunnhordland.no

Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

Samandrag:

Innovasjon Norge si Merkeordning er eit verktøy for å systematisere arbeidet med bærekraft på reisemål der reiselivsnæringa er pådrivar. Å bli merka som eit bærekraftig reisemål betyr at destinasjonen over tid prioriterer målet om auka bærekraft, ikkje at staden ER bærekraftig. Merkeordninga er ein reiskap for utvikling og reisemåla må vise ei forbetring på sikt. Innovasjon Norge har utvikla og er ansvarleg for merkeordninga. Prosjektstøtta frå Hordaland fylkeskommune skal gjere regionen Sunnhordland klar til å gå inn i Innovasjon Norge si merkeordning.

Tilsegnsdato: 21.08.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-3 Heilskapleg samfunnsutvikling

Innsatsområde: B-4: Reiseliv

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Utvikling av Économusée nettverket til en berekraftig organisasjon

Tilsegn-111-2018

Hordaland fylkeskommune gir tilskot til Det kongelige selskap for Norges vel for å utvikle Économusée til ein berekraftig organisasjon

Totale prosjektkostnader: kr 1 000 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egenbetaling bedrifter:	kr 210 000
Egeninnsast bedrifter:	kr 340 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 450 000

Prosjektstart: 15.08.2018.

Prosjektslutt: 20.12.2019.

Prosjekteigar:

Det Kongelige Selskap For Norges Vel

Prosjektleiar:

Asbjørn Stavland, asbjorn.stavland@norgesvel.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet skal sikre at tradisjonell håndverksproduksjon forblir og utviklar seg som næring på Vestlandet og på sikt i Norge gjennom utvikling som turistdestinasjonar. Sikre vidare utvikling og etablering av Economuseer på Vestlandet gjennom å etablere en varig og robust organisasjonsform for eksisterende og nye bedrifter, og dermed vidareutvikle opplevelses- og kvalitetsprodukter for reiselivet. Det skal gjennom prosjektet utviklast ein permanent utviklings- og serviceorganisasjon for bedriftene i nettverket
Prosjektet er forankra i Reiselivsstrategi for Vestlandet gjennom tiltaket *Sikre lønnsemd i reiselivsnæringane*.

Tilsegnsdato: 04.07.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-4 Bransjeretta tiltak

Innsatsområde: B-1: Nettverk og klynger

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Cruiseturismens økonomiske betydning i Bergen

Tilsegn-116-2018

Stiftinga Maritime Bergen får tilskot til forbruksundersøkelse for å lage eit estimat på ulike cruisetursiters forbruk og lokale pengestømmer frå cruiseturismen i Bergen. Målet med prosjektet er å synleggjere cruiseturismens økonomiske betydning i Bergens verdiskaping og byens næringsliv.

Totale prosjektkostnader: kr 500 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Annen finansiering:	kr 40 000
Bergen kommune:	kr 100 000
Bergen Næringsråd:	kr 60 000
Bergen og Omland Havnevesen:	kr 120 000
Bergen Reiselivslag:	kr 60 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 60 000
Maritime Bergen:	kr 60 000

Prosjektstart: 18.04.2018.

Prosjektlutt: 28.09.2018.

Prosjekteigar:

Stiftelsen Maritime Bergen

Prosjektleiar:

Harald Victor Hove, harald@maritimebergen.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

Målet med prosjektet er å produsere ein leservennleg rapport og ein poengtert presentasjon av cruiseturistenes forbruk i Bergen, og kunne synleggjere cruiseturismens økonomiske betydning i Bergens verdiskaping og i byens næringsliv. Tiltaket er i tråd med prioritering å sikre lønnsmda i reiselivsnæringa som er eit tiltak vedteke i Reiselivsstrategi for Vestlandet.

Tilsegnsdato: 09.07.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-4 Bransjeretta satsingar

Innsatsområde: B-4: Reiseliv

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Forprosjekt, Senteret for dataspillutvikling

Tilsegn-122-2018

Spillmakerlauget Vest har som mål å sikre forankring i norsk spillnæring og stifte Senter for dataspillutvikling. Forprosjektet er med på å sikre nasjonal forankring i spillnæringen, stifte senteret, konstituere styret, få medlemmer, gjennomføre prosjektarbeid, legge eit godt grunnlag for vidare arbeid med Senter for dataspillutvikling, samt styrke Vestlandets posisjon som leiande innanfor spillutvikling.

Totale prosjektkostnader: kr 600 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 100 000
Bergen Kommune:	kr 200 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 100 000
Spillmakerlauget Vest (Arbeid):	kr 200 000

Prosjektstart: 01.06.2018.

Prosjektlutt: 01.11.2018.

Prosjekteigar:

Spillmakerlauget Vest

Prosjektleiar:

Steffen Fløan Øie, steffen@mytteri.no

Sakshandsamar:

Tonje Marie Solsvik,

tlf: 98 02 48 92,

epost: tonje.solsvik@hfk.no

Samandrag:

Spillmakerlauget Vest har sidan 2007 jobba med å byggja eit levende spillutviklermiljø og ein levedyktig spillnæring i Bergen og på Vestlandet. Dette forprosjektet er det første steget mot opprettinga av eit nasjonalt Senter for dataspillutvikling, eid og styrt av norsk spillnæring, i Hordaland. Spillmakerlauget Vest har som mål å sikre forankring i norsk spillnæring og stifte Senter for dataspillutvikling. Forprosjektet er med på å sikre nasjonal forankring i spillnæringen, stifte senteret, konstituere styret, få medlemmer, gjennomføre prosjektarbeid, legge eit godt grunnlag for vidare arbeid med Senter for dataspillutvikling, samt styrke Vestlandets posisjon som leiande innanfor spillutvikling.

Tilsegnsdato: 26.06.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-4 Bransjeretta satsingar

Innsatsområde: B-4: Medie- og kulturbasert næringsliv

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Utvikling av gastronomi og kunnskapsamarbeid mellom kreative aktører i Unesco medlemsbyer

Tilsegn-126-2018

Stiftelsen ønsker å medvirke til flere nye samarbeidsrelasjoner mellom næringsaktører på matfeltet i Unesco nettverk medlemsbyene - Bergen innenfor gastronomi og Edinburgh i litteratur.

Totale prosjektkostnader: kr 90 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Erasmus + stipend for 2 lærere:	kr 25 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 30 000
Organisering, tilrettelegging egeninnsats stiftete:	kr 35 000

Prosjektstart: 16.06.2018.

Prosjektslutt: 01.10.2018.

Prosjekteigar:

Håndslag til Vår Eldste sjømannskirke

Prosjektleder:

Terje Inderhaug, terje.inderhaug@gmail.com

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen, tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Den eldste norske sjømannskirken i Hfk sin samarbeidsregion Edinburgh feirer sitt 150 års jubile 31.aug til 2 sept. Fitjar videregående skole (matfag) er engasjert for å utvikle matdelen av jubileet. Stiftelsen ønsker å medvirke til flere nye samarbeidsrelasjoner mellom næringsaktører på matfeltet i disse Unesco nettverk medlemsbyene - Bergen innenfor gastronomi og Edinburgh i litteratur. Det vil bli utviklet samarbeid med mataktører, skoler og restauranter for utplassering av lærere og elever.

Tilsegnsdato: 02.07.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNN)

Budsjett: B-4 Bransjeretta satsingar

Innsatsområde: B-4: Landbruk og lokal mat

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Verdiskapingsberekningar for landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane

Tilsegn-129-2018

Mange ulike aktørar ønskjer meir viten om kva landbruket har å seie for kommunen eller regionen. Det er bruk for oppdatert kunnskap om samanhengane i verdikjeda og kva både primærproduksjon og foredling av landbruksvarer betyr.

Totale prosjektkostnader: kr 992 500

Finansieringsplan for prosjektet:

Bondelagets Servicekontor (MVA):	kr 198 500
Fylkesmannen i Hordaland:	kr 188 500
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:	kr 377 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 188 500
Samarbeidsrådet (Samra Vest):	kr 40 000

Prosjektstart: 01.06.2018.

Prosjektslutt: 01.03.2019.

Prosjekteigar:

Bondelagets Servicekontor, avd Hordaland

Prosjektleiar:

Lars Peter Taule, lars.peter.taule@bondelaget.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen, tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Ved oppdatering av berekningane for Hordaland og Sogn og Fjordane vil NIBIO ha ansvaret for berekningane for jordbruket og landbruksbasert tilleggsnæring og ØF vil gjere berekningane for skogbruk, landbruksbasert industri og ringverknader. Resultata vil verte publiserte i eit felles notat.

Det vert i hovudsak nytta same metode og datagrunnlag som vart nytta for berekningane for 2013. For meir informasjon om metode og datagrunnlag, vert det vist til Knutsen mfl. 2015a og Knutsen m. fl. 2015b.

Tilsegnsdato: 02.07.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 550.64 - Tilrettelegging for næringsutvikling

Budsjett: B-4 Bransjeretta satsingar

Innsatsområde: B-4: Landbruk og lokal mat

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Kamerateknologi/sensorovervåking til bruk i oppdrettsteknologi

Tilsegn-130-2018

Prosjektet skal skaffe oversikt over selskap og teknologiar innan teljing og overvaking av lakselus i oppdrett.

Totale prosjektkostnader: kr 374 890

Finansieringsplan for prosjektet:

CMR egenandel:	kr 172 445
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 172 445
HVL kompetansemegling*:	kr 0
MOBIFORSK:	kr 30 000

Prosjektstart: 01.08.2018.

Prosjektslutt: 15.10.2018.

Prosjekteigar:

The Seafood Innovation Cluster

Prosjektleder:

Björgolfur Havardsson, bjorgolfur@seafoodinnovation.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson, tlf. 99575879, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

Lakselus er ei stor miljøutfordring som oppdrettsnæring står ovanfor og på fleire hald vert det arbeid med forskning og konkrete teknologiske løysingar. I dette prosjektet er målet å få overblikk over selskap som jobbar med utvikling av kamerabasert overvåking og teljing av lakselus på oppdrettsfisk. Oversikta skal omfatte den analytiske teknologien, andre typer teknologi og kamerasystema. Prosjektet er eit samarbeid mellom NCE Seafood Innovation Cluster, CMR og MobiFORSK (NFR sitt FORREGION-program).

Tilsegnsdato: 04.07.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.60 - Næringsutvikling og kompetanse

Budsjett: B-4 Bransjeretta tiltak

Innsatsområde: B-4: Marin sektor

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Fornyett tilleggssøknad for næringsutvikling og klyngeorganisering NCE Human Innovation

Tilsegn-134-2018

Design Region Bergen får stønad til å søkje NCE-status for Human Innovation klynge innan fristen 9. september 2018.

Totale prosjektkostnader: kr 200 000

Finansieringsplan for prosjektet:

DOGA:	kr 40 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 100 000
Human Innovation:	kr 60 000

Prosjektstart: 01.07.2018.

Prosjektslutt: 14.09.2018.

Prosjekteigar:

Design Region Bergen

Prosjektleder:

Per-Arne Hvidsten Larsen, per-arne@drb.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet vart støtta i desember 2017 med kr 100 000. Målet med prosjektet er å søkje NCE status for klynge innan søknadsfrist 9. september 2018. Etter utlysing av nytt klyngeprogram er det komme prioriteringar og kriteriar som fordrar ein ekstra innsats i forkant av søknad som ikkje var forutsett ved søknad i 2017. Med denne tilleggssøknaden har Hordaland fylkeskommune støtta prosjektet med inntil 23,7% av totale kostnader.

Tilsegnsdato: 06.08.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-4 Bransjeretta satsingar

Innsatsområde: B-1: Nettverk og klynger

Tur for UNESCO-byene

Tilsegn-137-2018

Besøkstur for UNESCO byene som besøker Bergen Matfestival og Bergen City of Gastronomy.

Totale prosjektkostnader: kr 37 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 37 000
---	-----------

Prosjektstart: 03.09.2018.

Prosjektslutt: 03.09.2018.

Prosjekteigar:

Os kommune v/Daniel Skotheim

Prosjektleder:

Daniel Skotheim, dask@os-ho.kommune

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen, tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Besøksturen til Bjørnefjorden regionen, og aktører fra Bjørnefjorden Matkultur var 3. september fra kl 09:00 til ca. kl 15:00. Turen startet med henting i Bergen. Deretter gikk turen til Oseana Kunst og Kultursenter for presentasjon med film og bilder, sammen med "Bjørnefjorden" brunch, med lokale råvarer og smaksprøver. Videre ble det tatt buss til Samnanger og Osteriet i samnanger. Bente Getz tok dem i mot og fortalte deres historie (www.osteriet.no). Bente er også kjent fra NRK serien "Der ingen skulle tru, at nokon kunne bu". Det ble presentasjon, omvisninger, og smaksprøver + enkel lunsj. Retur til Bergen sentrum til kl 15:00.

Tilsegnsdato: 24.08.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNN)

Budsjett: B-4 Bransjeretta satsingar

Innsatsområde: B-4: Landbruk og lokal mat

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Nullutslipp skipsfart - Teknologi for distribusjon og bunkring av flytende Hydrogen

Tilsegn-128-2018

Vurdere hydrogenforsyning, kaianlegg og sikkerhet. Vidare potensielle produsentar, lokasjonar og tryggleikssaspekt i samband med bruk av komprimert hydrogen (CH₂) i hurtigbåter.

Totale prosjektkostnader: kr 1 000 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egenfinansiering samarbeidspartnere:	kr 500 000
HFK - HNH 2018:	kr 250 000
HFK - Klimaplanens handlingsprogram 2018:	kr 250 000

Prosjektstart: 03.09.2018.

Prosjektslutt: 28.06.2019.

Prosjekteigar:

NCE Maritime CleanTech

Prosjektleiar:

Maritime Cleantech, post@maritimecleantech.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,
tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

Per i dag finnes det ikkje batteriteknologi som kan dekke energibehovet til hurtiggåande fartøy eller oversjøisk skipsfart. Hydrogen peiker seg ut som den mest aktuelle energibæraren for slike skip. Det eksisterer ikkje ein ferdig utvikla næringskjede for hydrogen til skipsfart. Som følge av dette manglar også kvalifisert teknologi og produkt for sikker gjennomføring av viktige prosessar som lagring, distribusjon og bunkring av hydrogen som drivstoff i skip. Mange verksemder i Hordaland deltar direkte og indirekte i kontrakter knytt opp mot Statens vegvesen. Kartlegging av samarbeidspartar i inn og utland vil styrke desse verksemdene sine evner til å fullføre det viktige arbeidet med å ferdigutvikle nullutslipp-skip.

Tilsegnsdato: 02.07.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-6 Grøn konkurransekraft

Innsatsområde: B-4: Energi

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Ny Introduksjonsordning for flyktninger - Sosialt entreprenørskap og språkopplæring

Tilsegn-125-2018

Meland ønsker å utvikle og teste en ny Introduksjonsordning for flyktninger. Prosjektet bygger på resultatene fra forstudien "Flyktninger og etablering, lokal integrering og sysselsetting". Studien fikk midler fra HFK (tilsagn-147-2017). Forstudien fikk i praksis omfang som et forprosjekt, og med basis i forstudiens resultater søkes om et hovedprosjekt.

Totale prosjektkostnader: kr 3 490 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 410 000
Egeninnsats prosjektledelse:	kr 700 000
Søknad Fylkeskommunen:	kr 1 100 000
Tilskudd fra Meland kommune:	kr 1 280 000

Prosjektstart: 01.10.2018.

Prosjektslutt: 31.08.2020.

Prosjekteigar:

Meland kommune

Prosjektleder:

John Fredrik Wallace (og Cathrine Gangstøe), john.fredrik.wallace@meland.kommune.no

Sakshandsamar:

Grete Kathrine Jacobsen, tlf. -, epost: grete.kathrine.jacobsen@hfk.no

Samandrag:

Flyktingene som kommer til Meland har svært ulik bakgrunn og kompetanse. Noen har utdanning og klare mål, mens andre verken har utdanning eller formell arbeidserfaring. Siste gruppe vet ofte ikke hva de vil gjøre når de kommer til Norge, og ser ikke hvor deres ressurser kan passe inn i norsk arbeidsliv. Særlig denne gruppen må bygges opp før de kan ta gode valg for seg selv.

Kommunen ønsker å utvikle og evaluere 3 delprosjekter. Disse er tenkt å utgjøre 3 alternative veier i Introduksjonsprogrammet.

Tilsegnsdato: 30.08.2018

For admin (skal ikke slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNN)

Budsjett: B-7 Integrering

Innsatsområde: B-7: Integrering

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Søknad om midler til Give a Job Bergen

Tilsegn-143-2018

Give a Job vil invitere til inkluderingsdugnad, der resultatet skal være flyktninger ut i jobb, flyktninger i kontakt med næringslivet og frivillige organisasjoner for å bygg nettverk. En festaften hvor inkludering og integrering står i fokus

Totale prosjektkostnader: kr 290 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats	70 000
Andre samarbeidspartnere	145 000
HNH	75 000

Prosjektstart: 10.04.2018

Prosjektslutt: 17.09.2018

Prosjekteigar:

Give a Job

Prosjektleder:

Tonje Støver Knutsen, tonjesknutsen@gmail.com

Sakshandsamar:

Andreas Ask, epost: andreas.ask@hfk.no

Samandrag:

Give a job sitt arbeid med å etablere ein inkluderingsdugnad i Bergen, vil kunne bidra til at fleire flyktningar som står utanfor arbeid og/eller aktivitet kjem tettare på både næringsliv og frivillige organisasjonar, høve til å byggje nettverk og til kvardagsintegrering. Intensjonen med arbeidet vil bidra i å styrkje arbeidet med integrering av flyktningar og innvandrarakar, og samsvarar med mål og strategiar i HNH om integrering og arbeid.

Tilsegnsdato: 31.08.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - HNH

Budsjett: B-7 Integrering

Innsatsområde: B-7 Integrering

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Ny Introduksjonsordning i Meland: Forprosjekt "Meg som en entreprenør?"

Tilsegn-148-2018

Meland kommune ønsker å utvikle og teste en Ny Introduksjonsordning for flyktninger. Med basis i en forstudie ønsker kommunen å utvikle 3 delprosjekter/alternative veier i Introduksjonsprogrammet. Det ene alternativet handler om gründerskap og bedriftsetablering. Meland ønsker å gjennomføre et forprosjekt for utvikle søknad om hovedprosjekt.

Totale prosjektkostnader: kr 100 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland	50 000
Meland kommune, arbeidstid	30 000
Meland kommune, penger	20 000

Prosjektstart: 10.09.2018.

Prosjektlutt: 31.12.2018.

Prosjekteigar:

Meland kommune

Prosjektleder:

John Fredrik Wallace og Cathrine Gangstøe, john.fredrik.wallace@meland.kommune.no; cathrine.gangsto@nav.no,

Sakshandsamar:

Andreas Ask, epost: andreas.ask@hfk.no

Samandrag:

Meland kommune vil lage eit opplegg for bedriftsetablering og entreprenørskap i sitt forprosjekt. Dette vil vere for nye innvandrarak frå Meland, Lindås og Radøy kommune. Dei vil fokusere lage eit opplegg som er tilpassa behova hos dei nye innvandrarak som tidlegare har erfaring med å drive eiga bedrift. Denne intensjonen vil bidra i å styrkje arbeidet med integrering av flyktningar og innvandrarak, og samsvarar med mål og strategiar i HNH om integrering og arbeid.

Tilsegnsdato: 11.09.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - HNH

Budsjett: B-7 Integrering

Innsatsområde: B-7 Integrering

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Omstilling fra olje og gass til havbruk

Tilsegn-151-2018

Prosjektet skal fortsette arbeidet for at tenester, produkt og teknologi frå oljebransjen tilpassast og dermed kan takast i bruk i havbruksnæringa. Samstundes vil havbruksnæringa også betre sin grønne konkurranskraft

Totale prosjektkostnader: kr 3 100 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats andre:	kr 200 000
Egeninnsats GCE Subsea:	kr 1 200 000
Egeninnsats NCE Seafood Innovation cluster:	kr 600 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling:	kr 1 000 000
Kontantbidrag GCE Subsea / NCE Seafood / Medlemmer:	kr 100 000

Prosjektstart: 17.09.2018.

Prosjektslutt: 30.06.2020.

Prosjekteigar:

Deloitte AS

Prosjektleder:

Anders Milde Gjendemsjø, agjendemsjo@deloitte.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson, tlf. 99575879, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

Tidligere faser av prosjektet har gitt gode resultat og ført til aktivitet og mange ideer og igangsatte initiativ for overføring av kompetanse og løysningar. Det er knytt sterkere bånd mellom dei to næringane og vi ser behov for å vidareutvikle samarbeidet for å legge til rette for varig samhandling.

På lang sikt vil det vere ein styrke for leverandørbedriftene å vere diversifiserte og kan levere løysningar og kompetanse til fleire av havnæringane; marin, maritim og energi. Dette er i tråd med regjeringa sin havstrategi, ivaretar heilskap i satsninga på havnæringane og løfter fram mulighetene for samarbeid og kunnskapsoverføring. Oppdrett av laks har høy grad av industrialisering, likevel er det stort potensial til forbetringar gjennom oppgraderte tradisjonelle oppdrettsløyser og ved overføring av teknologi frå andre næringar. I framtida vil ein også sjå løysingar som i større grad skil seg frå tradisjonell produksjonsteknologi. Her har leverandørindustrien til olje og gass eit stort potensiale til å bidra.

Tilsegnsdato: 26.09.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.65 - Omstilling

Budsjett: OMSTILLING 2018

Innsatsområde: D: Omstilling og nyskaping

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Tillegg til søknad 2017-0018 Bedrift i omstilling og vekst - Digitalisering

Tilsegn-146-2018

Dette er ei vidareføring og påbygging på omstillingsprosjektet SNU til Innovasjon Norge. Dei har trekt ut digitalisering frå det opprinnelege prosjektet, kr 150.000, og bygd det ut pga dei faktiske behova innan dette er større enn først antatt. Totalkostnaden i dette prosjektet er då 310.000, men eigentleg kr 160.000 sidan det allereie er bevilga omstillingsmidlar til tiltaket frå før.

Totale prosjektkostnader: kr 310 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 310 000
---	------------

Prosjektstart: 27.08.2018.

Prosjektlutt: 28.02.2019.

Prosjekteigar:

Innovasjon Norge

Prosjektleder:

Gøril Eikeland Selvik, goril.selvik@innovasjonnorge.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad, tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Bedrifters behov for digitalisering er stort. Kompetansen på teknologi er i varierende grad til stede og omstilling er krevende uten riktig kunnskap om teknologi og dennes muligheter. I overnevnte prosjekt opplever IN at behovet for kompetansebygging er større enn antatt da det ble søkt om prosjektet primo 2017.

Tilsegnsdato: 06.09.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.65 - Omstilling

Budsjett: OMSTILLING 2018

Innsatsområde: D: Omstilling og nyskaping

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Utvikling Innovasjonssenter Indre Hordaland - Odda

Tilsegn-131-2018

Eit forprosjekt for å leggje til rette for eit innovasjonssenter i indre delar av fylket.

Totale prosjektkostnader: kr 1 250 000

Finansieringsplan for prosjektet:

egeninnsats:	kr 700 000
Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland:	kr 400 000
Odda kommune:	kr 50 000
SMB Hardanger:	kr 25 000
SPV Grunderprogram:	kr 75 000

Prosjektstart: 01.06.2018.

Prosjektslutt: 01.04.2019.

Prosjekteigar:

Næringsshagen i Odda

Prosjektleder:

Marie Opheim, marie@nhodda.no

Sakshandsamar:

Torill Monstad, tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

Samandrag:

Dette er eit omstillingsprosjekt i ein region som er prega av endringane og nedgangen i industrien. Endringane har ei svært negativ folkevekstprognose etc. Det passar difor godt inn i strategiane for omstilling vedtatt i omstillingsutvalget. Dette er eit forprosjekt for å leggje til rette for eit innovasjonssenter i indre delar av fylket. Næringsaktørane er svært aktive deltakarar i denne prosessen.

Tilsegnsdato: 03.07.2018

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 553.65 - Omstilling

Budsjett: OMSTILLING 2018

Innsatsområde: D: Omstilling og nyskaping

Støtteordning: Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland